

# ORDENSREGLEMENT FOR VÅGEN SKULE



Punkt 1-7: Gjeld alle skulane i Vindafjord  
Punkt 8: Gjeld i tillegg for Vågen skule,

## **1. LOVHEIMEL**

Ordensreglementet er heimla i :

1. Opplæringslova, § 2-9: *"Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast."*

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i §2-9 til rådmannen, som har delegert vidare til rektor ved skulen.

2. Opplæringslova §9a-1: *"Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring"*

## **2. VERKEOMRÅDE**

Ordensreglementet gjeld i skuletida, på skulevegen og ved tilstellingar under leiging av skulen. Punkt 1-7 gjeld for alle skulane i Vindafjord. Den einskilde skulen kan i tillegg ha utfyllande reglar, tilpassa lokale tilhøve. Dette har punkt nr. 8.

## **3. ÅTFERD**

Alle skal visa omsyn og respekt for andre, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller vaksne på skulen.

Det er ikkje lov å bruka eller ta med nokon form for rusmidlar på skulen.

## **4. UNDERVISNINGSSITUASJONEN**

Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møta førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.

## **5. EIGEDOM**

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.

## **6. KONSEKVEN SAR VED BRO T PÅ ORDENSREGLEMENTET**

1. Irettesetjing
2. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert når merknad blir sett.
3. Samtale med elev og foreldre / føresette.
4. Eleven kan i ein periode få avgrensa rettar på skulen.
5. Bortvising frå skulen etter gjeldande reglar, jmf. opplæringslova §2-10:

*"Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen. Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.*

*Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar." På ungdomsskulen skal det vurderast om brotet fører til nedsett karakter, jmf. p 7.*

## **7. VURDERING I ORDEN OG ÅTFERD**

Vurdering i orden og åtferd er ein del av undervegsvurderinga. Det skal givast halvårsvurdering utan karakter i orden og åtferd i heile opplæringsløpet. I ungdomsskulen blir det i tillegg sett karakter i orden og åtferd, jmf. forskrift til Opplæringslova §3-5. Kriteria for dei ulike karakterane er sette slik her i kommunen:

## **ORDEN**

### Karakteren "god":

Ein elev som utan kommentar får denne karakteren, har få brot på ordensreglane, viser god arbeidsinnsats og kjem førebudd og presis til timane.

### Karakteren "nokså god":

Ein elev som får denne karakteren har fleire ulike brot på ordensreglane *eller* stadig gjentekne like brot *eller* dårleg arbeidsinnsats *eller* ofte for seint til timane *eller* for seint eller ikkje levert arbeid.

### Karakteren "lite god":

Karakteren blir gitt dersom det er ein elev som har gjentekne brot på ordensreglementet, leverer sjeldan, har ulovleg fråvær. Det er då snakk om merknader mest kvar veke.

## **ÅTFERD**

### Karakteren "god":

Karakteren blir gitt til elevar som viser ei normal grei åtferd mot medelevar og vaksne.

### Karakteren "nokså god":

Denne karakteren kan ein elev få dersom han har to eller fleire alvorlege episodar mot medelev eller lærar *eller* generell dårleg åtferd mot medelev (erting, kommentarar, tydeleg negativ kroppsspråk) *eller* generell dårleg åtferd mot vaksne på skulen (freakke kommentarar, negativt kroppsspråk, uro i timar, nekting).

### Karakteren "lite god":

Denne karakteren blir gitt dersom det er ein elev som generelt viser liten vilje til å visa normal åtferd, ikkje rettar seg etter påtale og som treng påminning om rett åtferd mest kvar veke.

## **8. VED VÅGEN SKULE GJELD I SAMSVAR OG TILLEGG DESSE REGLANE**

### **8.1 Uteområdet:**

Skuleområdet er avgrensa av området for Tarzanjungel, yttergrense for grusbane/ballbanar/ ballbingar, parkeringsområde, kvit strek ved innkjøringsområde, frå miljøstasjon langs mur og veg opp til Vågen barnehage, langs gjerde nord for Vågen barnehage, øvste grense for akebakken og langs gjerde ved bekk i aust.

### **8.2 Friminutt:**

Elevane skal vera ute i friminutt og gå raskt ut (innan 2 min). Rektor kan bestemma noko anna for enkeltfriminutt, dagar eller periodar. Yttertøy, hovudplagg, sko og sykkelhjelm skal takast av og plasserast på tilvist plass på hylle på gangen før timen. Timen startar når det har ringt inn. Ein elev som brukar meir enn 2 min\* inn til arbeidsplassen sin, er for sein til time. \* Unntak: dagar med mykje yttertøy.

### **8.3 Leik og utstyr:**

Dei vaksne som har vakt, skal stoppa farleg leik. Rektor og alle vaksne har høve til å setja grense for leikeaktivitet som kan føra til fare, skade eller påverkar læringsmiljøet negativt.

Desse reguleringane gjeld:

- Inngangspartia skal vera fri for ferdsel.
- Det er ikkje lov å kasta snøball. Unntak: Kasta på tilvist blink med oppsyn.

### **§ 8.4 Sykling / kjøring**

Syklar og andre transportmiddel skal stå i / ved sykkelstativa. Sykling og kjøring er ikkje tillate på skuleområdet i tida 07.30 – 16.30. Unntak er opplæring på sykkel, etter avtale og nyttekjøring. Bilar kan berre stoppa i innkjøringsområdet ved av- og påstiging. Ved parkering skal parkeringsplassen nyttast.

### **8.5 Mat, drikke og frukt:**

Eleven har med seg sunn, næringsrik skulemat og sunn drikke (vatn). Elevar får tilbod om gratis frukt dagleg. Skulen har mjølkeordning med foreldrebetaling. Elevar har ikkje lov å drikkja i timar eller bruka snop/tyggegummi i skuletida, utan ved særskilde høve.

### **§ 8.6: Mobiltelefon og liknande**

Det er ikkje lov å bruka mobiltelefon og liknande medium på skulen. Foreldre kan gjera skriftleg avtale med skulen om at ein elev har mobiltelefon med seg. Kontaktlærer kan gi løyve om enkeltdagar, medan rektor kan gi løyve om lengre avtalar. Telefonen skal då vera avslått og liggja i sekken i skuletida. Ein mobiltelefon eller liknande som er med utan skriftleg løyve eller som blir teken opp av sekken, vert teken inn. Den blir levert ut att ved på slutten av skuledagen. Om dette gjentek seg, må foreldre / føresette henta telefonen på skulen.

### **8.7 Kjøkken og spesialrom**

Elevar skal ikkje opphalda seg på kjøkken og andre spesialrom som matematikkrom, lagerrom og kunst- og handverk, utan avtale med vaksne. Elevar skal ikkje gå i personalavdelinga.

### **8.8 Skuleveg og buss:**

Skulen sine reglar gjeld på skulevegen og på skulebussen. Elevane som har rett til skuleskyss frå skulen, ventar på fortauet. Alle har plikt å visa omsyn ved på - og avstiging. Elevar skal alltid og utan oppfordring, bruka bilbelte i taxi/ buss når dette finst i kjøretøyet.

### **8.9 Tobakk og rusmidlar**

Det er forbudt å ta med eller bruka tobakk eller rusmiddel i skuletida og på arrangement som skulen har ansvar for.

### **8.10 Ansvar**

Elevar tek ikkje med seg privat utstyr eller leiker på skulen utanom avtale. Skulen er ikkje ansvarleg for slikt utstyr. Leikesaker som er med utan avtale, vert teken inn og levert ut igjen på slutten av dagen eller vert levert til foreldre/føresette. Unntak: Utstyr som stimulerer fysisk aktivitet som hoppestrikk, hoppetau, ballar og vinterutstyr.

### **8.11 Overgongar og ferdsel inne**

1.-4.klasse stiller opp ved inngongen i sør, ved overgong etter kvart friminutt. Vakta let ein og ein klasse gå inn. Alle går inne, både i gangar og klasserom. Elevar set på eigen arbeidsplass, om ikkje den vaksne har gjeve annan beskjed. Toalettbesøk vert primært ordna i friminutt eller mellom to timar.

### **8.12 Reglar i alle klassar**

Alle helsar om morgonen, syng før maten og helsar takk for i dag før ein går for dagen.

Lærer i 1.time skriv dagsplan for dagen på tavla og går gjennom denne.

Ein elev som rettar opp handa og får ordet av lærar, har lov å snakka.

Ordet "Lyting" betyr stopp i all aktivitet, ha hendene i ro, sjå mot lærar og høyr godt etter.

Når ein elev seier STOPP, skal dette respekterast.